

Myrsnipa barnehage

Årsplan 2024-2025



Kjære foreldre og tilsette.

Stortinget har i lov 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar (Barnehagelova) fastsett overordna føresegner om innhald og oppgåver til barnehagen.

Forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver (Rammeplanen 2017) fastset utfyllande føresegner om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Mandatet til oss som jobbar i barnehagen kjem frå Barnehagelova og Rammeplanen.

I tillegg kjem Statsforvaltaren i Forventningsbrevet 2024 inn på viktigeita med Berekraftsmål og det Å FORSTÅ DI TID. Statsforvaltaren legg særleg vekt på psykisk helse for barn og unge, og eit barnehagemiljø som til ei kvar tid er trygt, godt og inkluderande.

Barnehagen er ein del av utdanningsløpet, og gjennom vår kompetanse og kunnskap skal vi støtte barnet i si utvikling til å KLARE SJØLV.

Gjennom verdigrunnlaget i Rammeplanen og i Løvelova sine tema om Barn og barndom, Demokrati, Mangfald og gjensidig respekt, Likestilling og likeverd, Berekraftig utvikling og Livsmeistring og helse, skal barnet bli sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere verdien og plassen til den enkelte i felleskapet. (Rammeplan kap 1.)

Vi skal ruste barn godt nok til å meistre livet sitt - åleine og i fellesskapet. Trivsel og å oppleve livsmeistring skal førebygge krenking og mobbing.

Ei viktig oppgåve for oss er å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. Vi lærer borna å forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida!

Tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet.



Lukke til med nytt barnehageår!
Reidun Myrvåges
Myrsnipa barnehage juni 2024

| | |
|---|----|
| <i>Kjære foreldre og tilsette</i> | 2 |
| <i>Innleiing</i> | 4 |
| <i>Satsingsområde 2024-2025: Livsmeistring og helse – Klare sjølv</i> | 5 |
| <i>1.-2 åringen</i> | 5 |
| <i>Klare sjølv - liten, men likevel stor</i> | 6 |
| <i>3 og 4 åringen:</i> | 7 |
| <i>Klare sjølv - å meistre i kvardagen</i> | 8 |
| <i>5 og 6 åringen</i> | 9 |
| <i>Klare sjølv - eigen leiing i leik og læring</i> | 9 |
| <i>Den nærmeste utviklingssonen, ein læringsteori av Vygotsky</i> | 10 |
| <i>Løvelova</i> | 11 |
| <i>Progresjonsplan for innhaldet i «Være Saman»</i> | 11 |
| <i>Løvelova i praksis</i> | 12 |
| <i>FN`s Berekraftsmål og delmål for Myrsnipa barnehage</i> | 13 |
| <i>Årshjul og Livsgledebarnehage</i> | 14 |
| <i>Samarbeid med andre</i> | 15 |
| <i>Overgangar</i> | 15 |
| <i>Rosaruss</i> | 15 |
| <i>Samarbeid med føresette</i> | 15 |
| <i>Tilsette i Myrsnipa barnehage</i> | 16 |
| <i>Livet & Sånn</i> | 17 |
| <i>Vaksenstilane</i> | 18 |

INNLEIING

Årsplanen skal byggje på *Lov om barnehagar med forskrifter*.

Årsplanen for barnehageåret 2024/2025 vart godkjent i samarbeidsutvalet i Myrsnipa barnehage 31.10.24. Ved at samarbeidsutvalet fastset årsplanen og at foreldra får medverke i planlegging, evaluering, foreldreråd, foreldremøte og foreldresamtalar, får dei reell medverknad på innhaldet til barnehagen. Borna som er primærbrukaren, får vere med ved at vi lyttar til det borna er interesserte i og har behov for i dag.

Ein årsplan har fleire funksjonar:

- skal vere arbeidsreiskap og grunnlagsdokument for personalet
- skal medverke til å styre innhaldet i barnehagen
- skal vere eit utgangspunkt for samarbeid med foreldra
- skal vere eit informasjonsdokument ut til eigar, politikarar, samarbeidspartnarar og andre interessaerte

Årsplan: Konkretisering av barnehagen sitt innhald. Den generelle delen av årsplan, er ein eigen 4-års plan som er felles for alle dei fire kommunale barnehagane. Den må sjåast i samanheng med denne årsplanen. Begge planane ligg på www.heroy.kommune.no

Månadsplan/-brev: blir lagt i Vigilo

Dagen vår: Informasjon og dokumentasjon om kva vi har gjort på denne dagen blir delt på Vigilo-appen med tekst og bilete, gjennom Nyhende.

Myrsnipa barnehage er ein kommunal barnehage, som ligg i Myrvåg.

Barnehagen vart bygd av ei foreldregruppe i 1993, og kommunen tok over drifta i 1999. Barnehagen har Myrvåg omsorgssenter som nærmeste nabo, og i tillegg har vi läjkarkontor, velværesenter, blomsterbutikk/verktøy/leikar/utstyr, matbutikk, bruktbutikk og frisør og eit stort industriområde i nærleiken.

I år vil 56 barn ha plass i barnehagen; 36 barn over 3 år og 20 barn under 3 år.

Kvitveis for barn 3 år og 4 år

Røsslyng for barn 2 år og 5 år

Blåklokka for barn mellom 1 og 2 år

Personalet i Myrsnipa har mange års erfaring frå barnehage, men her er og yngre tilsette som bidreg med innspel, idear og forslag til endringar. Det er viktig at nokon "ser oss litt utanfrå" og er med på å vidareutvikle barnehagen sitt innhald og praksis..

Elevar frå grunnskule og vidaregåande skule kan få praksis her - det er viktig for rekruttering til yrka i barnehagen. Myrsnipa barnehage er godkjent lærebodrift, og tek imot lærlingar.

Vi vidarefører samarbeidet med skule og næringsliv som JA-bedrift, der vi skal få til eit meir forpliktande tilhøve mellom ungdomsskule og barnehage.

Furene og NAV tek også kontakt om dei har nokon som treng å prøve seg i vårt yrke.

Eit godt arbeidsmiljø og tilsette som trivst i lag og som har ei felles pedagogisk plattform, er viktig for kvaliteten på barnehagetilbodet

Satsingsområde 2024-2025: Livsmeistring og helse – Klare sjølv

I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskarterang. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barnet. (Rammeplanen 2017, s19)

Det å forstå barnet ut frå alder og modning er viktig. Barn må få øve seg i sitt tempo og vere i læringsprosessar over tid.

Vi ser på dei utviklingsprosessane for dei ulike alderstrinna, og viser til modellen om *Den nærmaste utviklingssona* av Vygotsky.

1.-2 åringen

Dei er utforskande og nysgjerrige og brukar mykje munnen til å sanse med. Alt er spennande og skal smakast på, det er slik dei lærer. Livet føregår mykje på golvet og bakken og dei brukar heile kroppen i si utforsking etter å oppdage verda. Dei basale behova for mat og søvn er det som er viktigast for dei og det kan trumfe nesten alt anna. "Søvnen gir hjernen ein slags timeout, den får ro til å nullstille seg og blir klar for nye utfordringar" (Hedvig Montgomery-Miraklenes tid 2018 side 154). Det er viktig for hjernen si utvikling at døgnbehovet for søvn og kvile er tilpassa barnet.

Å kaste ting er ein del av deira naturlege utvikling og gir dei stor tilfredsstilling av å greie noko sjølv, derfor hamnar ofte mat, leiker og ting på golvet. Dei ser på deg for å sjå kva slags reaksjon du gir, men aktiviteten er så artig i seg sjølv at det nyttar ofte ikkje å verken le eller bli sint. Det gjentakande i det når vaksne plukkar opp slik at dei kan kaste igjen er kjekk nok i seg sjølv. Alt barna gjer og lærer liker dei å gjenta og repetere. Når dei startar å gå, så kan dei gå og gå og gå. Same med klatring og springing. Som vaksne må vi vere til stades og hjelpe dei til å forstå farer og unngå at dei skader seg. Dess meir «forbudt» noko er, dess meir spennande blir det å prøve igjen.

Barna har store og sterke kjensler og dei treng at dei vaksne er der for å støtte dei i kjensla og hjelpe dei til å handtere situasjonen. At nokon tek leika dei har eller vil ha, kan utløyse ein sterk reaksjon. Gjerne i form av å skubbe, slå eller bite eit anna barn. Dette er veldig vanleg i denne alderen. Dei vaksne sin jobb vert her å gjere merksam på kva slike ting gjer med andre når det først har skjedd, men helst vere så nær barnet at ein kan hjelpe å regulere kjensla før dei rekk å agere. Kanskje ved å tilby ei lik leike eller noko anna som kan fange barnets merksemd vidare. Å vise ASK-kort med bilete av følelsen vi opplever at barnet viser kan også hjelpe barn som har gjort noko mot andre til å forstå at handlinga deira fekk konsekvensar. Vaksne må støtte både barnet som vert utsatt for noko vondt og gi trøyst, men også barnet som agerer treng å få støtte i sine kjensler. Dei vaksne må vere tett på og byggje relasjonen så tett ein kan til barnet. Dette skaper tillit og trygghet på at ein kan finne hjelp hjå dei vaksne når ein treng det. Vaksne kan også bli sinte, triste og redde og det er viktig at barna ser og erfpar vaksne sin måte å handtere kjensler på. Slik kan dei sjølve lære å regulere eigne kjensler. Husk at den vaksne er større og sterkare, men også klokare og god når ein står i situasjonar der barnet utfordrar oss. Barnet treng at vi er den trygge basen som gir trøyst når livet buttar imot og at vi toler alle kjensler barna har.

1.- 2 åringen treng faste rutiner og rammer for å kjenne seg trygge til å utforske. At det same skjer igjen og igjen gir forutsigbarheit for barnet. Det er derfor det fungerar godt å gjere det likt kvar gong ein skal førebu dei for t.d. leggetid. Dei finn også stor glede i å synge dei same songane og lese dei same bøkene gong etter gong. Det er trygt og kjent for dei. Å lese for barnet er ei god kjelde til samspel og fellesskap og gir barnet god språktraining til dei startar å bruke språket sjølv.

1.åringen har vanlegvis ikkje så mykje språk, men rundt 18 mnd skjer det mykje. Når barnet først lærer seg nokre ord, kjem dei ofte som trillande på ei snor. Barna lærer då i gjennomsnitt opptil 9 nye ord kvar dag. ASK(alternativ supplerande kommunikasjon) er også med oss kvar dag. Å peike på bleia på badedøra og seie at no skal vi inn og bytte bleia di, forsterkar forståinga til barna. Dei kan også peike på bilete av ein drikkekopp og slik gjere oss merksam på at dei vil ha drikke. Å bruke bilde eller teiknstøtte i tillegg til orda vi seier, forsterkar kommunikasjonen og forståinga for barnet. "Dialog er den

beste vegen til språk. I starten svarer ikkje barnet med ord, men med smil, lydar og kroppsspråk”(Montgomery 2018 side 175).

“Den raskaste vegen til eit barnehjerte går via latteren. Ler dokke saman, kjenner sjølv dei små barna at dokke hører saman, at dokke deler ein augeblink”(Montgomery 2018 side 172) Denne fasen av livet går fryktelig fort og det skjer utvikling nesten kvar einaste dag. Bruk tid saman med barnet, lytt til dei og sjå dei. La dei få hjelpe til med ting som må gjerast av kvardagsoppgåver. Dei treng å få øve seg på å greie ting sjølv. Ein dag kan dei ta på seg ei hue og ein annan dag ein sko. Å støtte dei, oppmuntre dei og rose dei gjer det ekstra stas når dei meistrar.

Rammeplanen seier at barnehagen sitt formål er å ivareta barnets behov for omsorg og leik, fremje læring, danning, vennskap og fellesskap, kommunikasjon og språk((Rammeplan for barnehagen 2017 side 19-23). Det er mange ting som skjer og skal skje i løpet av ein barnehagedag og det kan vere krevjande for både liten og stor. Dei er i samspel med andre i mange timer og dei brukar masse energi på alt dei vil utforske. Å få positive opplevingar saman med andre og oppleve samspel og fellesskap er kjekt og det er mykje som skal ovast på og lærast. Om ein som voksen skal forstå kva det inneber å ha det slik ein heil dag, kan ein kanskje samanlikne det med å vere i eit barneselskap i like mange timer. Når barna er så små, er det lurt å roe ned når ein kjem heim og ikkje gjere så mykje meir. Livet i dag er generelt stressande og ein vil så mykje meir enn der fins tid til. Husk at det viktigaste for barnet er deg og tid saman med deg.

Klare sjølv - liten, men likevel stor

1.-2 åringen:

Vi øver på:

- Å ta på og av hua sjølv
- Å ta på støvlane sine sjølv og av igjen ved hjelp av støvelknekts
- Å få beina inn i dressen eller regnbuksa
- Å stenge klipsa på regnbuksa
- Å drage opp eller ned ein glidelås
- Å vaske hender
- Å klatre opp på benken på badet til å bytte bleie
- Å klatre opp i tripp-trapp stolen med litt hjelp
- Å feste låsen på selen sin sjølv
- Å reise seg opp igjen sjølv med litt hjelp av ei hand
- Å gå sjølv i staden for å bli bært
- Å ete sjølv med skei
- Å rydde leiker inn i hylla eller opp i ei kasse

Vår rolle som voksne:

- Å bruke nok tid til at barna kan få prøve ting sjølv
- Å utfordre/oppfordre barna til å prøve sjølv først
- Å støtte barna når dei gir uttrykk for å ville greie sjølv
- Å rettleie, støtte og oppmuntre når ting er vanskeleg
- Rose barna når dei prøvar og heie ekstra masse når dei meistrar

3 og 4 åringen:

Når barnet er 3 år har det etablert ein trygg relasjon til vaksne og er i ferd med å gå frå å leike ved sidan av til å etablere vennskap med andre barn. I leiken arbeider barnet seg gjennom opplevingane sine i gjenkjennelege rollespel. I denne alderen skal barnet finne ut av korleis ein deler på leiker, venter på tur, viser at det ønskjer ei leike osv. Barnet øver seg på kommunikative og sosiale ferdigheter samt vert stødigare i motoriske ferdigheter. (Drugli og Lekhal 2018)

Kjensler byrjar ta stor plass og dei treng vaksne som møter dei i kjensla og kan forstå korleis barnet har det inni seg. Frustrasjonar kan verte store av enkle ting og dette er noko dei treng hjelp til å takle og forstå. Som vaksne må vi setje ord på det vi ser for dei slik at dei kan forstå seg sjølve. Til dømes "no ser eg at du er lei deg, vil du at/ skal vi / kva var det du tenkte du ville gjere".

Som forelder er de den trygge vaksne barnet kan støtte seg på og som kan rettleie dei gjennom dette kvar gong det skjer. Slik vil ein hjelpe barnet å forstå sine eigne reaksjonar, dette greier ikkje barnet åleine enno. Ta deg tid til å lytte til barnet, møt det på ein roleg og trygg måte slik at de kan hjelpe dei gjennom dei ulike kjenslene og setje ord på for dei kva som er lurt å gjere no. Til dømes set deg på huk til barnets høgde, spør "kva var det du ville gjere? Synast du dette tok lang tid? Ja eg forstår, men no skal vi berre gå inn og handle maten og så kan vi gå heim". Bekreft kjensla til barnet og forsök å forstå. Det er viktig at vi som vaksne greier å skilje mellom barnets kjensler og åtferda deira. Å være sensitive i slike situasjoner inneber at de som vaksne prøvar å forstå det barnet uttrykkjer og behova deira for å kunne respondere på ein god måte.

Borna i denne alderen treng at vi set rammer og grenser for dei og skapar god rutine. Borna søker kvar grensene går og det er trygt og forutsigbart for dei at vi er tydelege vaksne. Ta dei med på val som ein 3-åring kan velje, helst val mellom to konkrete ting. Om det er noko de skal gjere er det best å være tydeleg og seie til dømes "no vil eg at du skal ta på deg støvlane, så kan vi gå heim". Å vise varme og omsorg overfor barnet samstundes som de er tydelege er å være den autoritative vaksne. Når de kjem heim etter ein lang dag i barnehagen treng barnet ditt at de femner om det så dei får roe ned og kvile om dei er slitne. Kanskje treng dei at du set deg ned saman med dei ei stund slik at dei får ladde batteria.

I 3-4 årsalderen utviklast fantasien og her kan vi sjå at barnet øver seg på dei ulike kjenslene og erfaringane dei har gjort seg i leiken. Slik øver dei seg på forståinga av at andre ser ting på ein annan måte enn dei sjølve. Dei øver på å forholde seg til andre menneske, lese dei og skape relasjonar.

4-åringen er etterkvart meir sjølvstendig og klarer ein heil del sjølv. No byrjar barnet greie å ta andre sitt perspektiv, ta omsyn til andre i handlingane sine, utvise god prososial åtferd, løyse ei konflikt sjølv og klarer seg betre i leik med jamaldrande utan den tette støtta frå vaksne. Barnet øver seg i sjølvhevdning og sjølvkontroll. Det er likevel slik at det er de foreldre som er barnet si trygge hamn som det kan kome til når noko går galt eller for å få den oppmuntringa det treng for å gå vidare. Leik, glede, humor og vennskap vert ein stor del av kvardagen deira og fantasileiken utviklar seg enno meir. 4-åringen treng ei blanding av friheit og støtte frå vaksne i leiken. Når de ser barnet gjer gode handlingar for/med andre er det fint om de framhevar det og gjev ros. Til dømes "eg såg at du trøysta vennen din då han fekk vondt, det var veldig fint gjort. Såg du at då slutta han å gråte/ såg du at då vart han glad igjen".

4-åringen har lært rutine i kvardagen sin og treng no å få vite om endringar som skal skje. Det er viktig for dei at dagen er føreseieleg og at dei får tid til å arbeide seg gjennom ny informasjon. Når de skal bryte opp leiken, gje dei tid og rom til å avslutte. Generelt er det ein god ide å ha dialog med barnet om ting som skal skje fram i tid slik dei har ei oversikt over dagen/veka.

4-åringen byrjar å utvide horisonten sin og er utforskande og nysgjerrig på samanhengar i omverda. Dei kan ha mange spørsmål dei ønskjer svar på, så ein fin ting er å undre seg ilag med dei. Sjølv om 4-åringen verkar være stor og ganske sjølvstendig er dei likevel små enno og har behov for både omsorg, trøyst og ein klem. Når de kjem heim etter ein barnehagedag treng dei enno at de femner om dei slik dei kan få ei rolegare stund og arbeide seg gjennom dagens hendingar.

Klare sjølv - å meistre i kvardagen.

Borna lærer:

- Å øve på å kle på seg sjølv
- Å øve på å kle av seg etter uteleik og rydde på plass skoa/støvlane og hua si (3 år) og henge på plass utedress/regnklea sine, legge fleecekle/vottar på plassen sin i garderoba(4 år)
- Å øve seg på å gå på potte/sitte på do (3 år)
- Å kjenne etter/gå på do når eg treng det (4 år)
- Å øve på å ta såpe, vaske hender og tørke seg
- Å øve seg på å bruke smøreknav, gaffel og skje til måltider
- Å øve seg på å helle melk/vatn i kopp
- Å sette seg på stolen og klatre ned igjen på ein trygg måte (tripp-trapp stol)
- Å samarbeide om å rydde leiker
- Å vente på tur

Vår rolle som vaksne:

- Sette av god tid til at borna skal få klare sjølv
- Sørge for å ha nok utstyr tilgjengeleg slik at alle får prøve sjølv
- Rettleie, støtte og rose barn som klarer sjølv
- Bruke ergonomiske hjelpemiddel som påkledningsbenk, regulerbart stellebord, støvleknekkt og rullekrakker
- Rettleie foreldre slik at borna også får klare sjølv når dei er heime
- Støtte og rettleie borna i byrjande samspele og rolleleik saman med andre
- Hjelpe borna å takle og forstå eigne kjensler og frustrasjonar
- Hjelpe borna å setje grenser for eigen kropp i samspelet med andre. Vise stoppteiknet/ seie stopp



5 og 6 åringen

Fem- og seksåringen er i ei stor utvikling på mange områder. No evner mange barn å setje ord på både eigne- og andre sine kjensler. Dei har vidare byrja å få forståing for korleis dei kan påverke omgjevnadane sine og set pris på ros ifrå vaksne. I denne aldersgruppa byrjar barna for alvor å forstå konseptet om reglar og grenser, og treng anerkjennning i mykje større grad.

Både motorisk- og språkleg er fem-seksåringen komen langt. No har dei god kontroll over kroppen, både fin- og grovmotorisk. Språkleg har dei begynt å forstå koplinga mellom lydar og bokstavar, og elskar å tulle og tøyse med språket. Vidare klarer dei også å setje ord på ønsker, følelsar og behov. Dei er opptekne av kva som er rett og gale, og mange har byrja å reflektere mykje over eige følelsesliv, men treng framleis mykje hjelp og støtte for å klare å regulere desse følelsane (<https://www.bufdir.no/foreldrehverdag/baby/utvikling/barnets-utvikling-0-5-ar>)

I barnehagen arbeider vi for at fem- seksåringen skal oppleve ein god ballsanse mellom omsorg, leik og læring. Barna skal oppleve tryggleik, trivsel og meistring. Vi arbeider kontinuerlig med danninga av gode relasjonar, og nyttar innhaldet i «Løvelova» både i sosiale historier, perspektivtaking og konfliktløysing. Dette er grunnsteinane i god sosial kompetanse. Fem- og seksåringen skal ha både forventningar stilt til seg, samt klare og tydelege grenser. No klarer dei å halde orden på ting sine og skal ha opplevelinga av autonomi i barnehagekvarldagen sin.

Som foreldre kan ein av og til gløyme at sjølv om kroppen og ordforrådet utviklar seg, er fem- og seksåringane langt frå modne, skriv Bufdir (<https://www.bufdir.no/foreldrehverdag/baby/utvikling/barnets-utvikling-0-5-ar>). Barna kan høyrest meir modne ut enn dei er, og difor er det lett at vaksne kan forvente for mykje av dei. Fem- og seksåringen treng mykje hjelp til regulering av dei vanskelege kjenslane, omsorg og kjærleik. Bruk tid i lag til å lese bøker, ha samtaler og reflekter saman med dei. Samstudens er det naudsynt at ein har klare grenser og forventingar. Forsking syner at balansen mellom den varme og omsorgsfulle relasjonen i kombinasjon med tydelege krav og grenser er det som gir barn dei tryggaste og beste oppvekstvilkå

Klare sjølv - eigen leiing i leik og læring

Vi ønsker at barnet sjølv skal finne løysingar og strategiar i sitt leike- og læringsmiljø ved hjelp av kompetente vaksne. Barn skal utvikle eigenleiingsferdigheiter slik at det fungerer i sosialt samspel, deltek og medverkar i barnehagen. Gode sjølvleiingsfunksjonar gir barnet eit godt grunnlag for utvikling av venskap, og det kan også sjåast i samanheng med tidelege ferdigheiter innan lesing, skriving og matematikk.

Rolleleiken er spesielt viktig. Barn leikar for å leike. Leiken er lystbetont i seg sjølv og gir glede. Leiken er også borna sin viktigaste læringsarena. Rolleleik er blant dei beste pedagogiske verkemidla vi har til å styrke eigenleiing.

Korleis legg vi til rette for rolleleik hjå oss:

- Vi deler borna inn i mindre grupper
- Vaksne som forskar på kva borna er interesserte i og vidareutviklar dette i leik
- Vaksne som tek innspel frå barn på alvor
- Skaffe utstyr og rekvisitt som stimulerer og utviklar rolleleiken
- Gir borna felles oppleveling slik at alle har eit godt utgangspunkt for å delta i rolleleik, gjennom t.d. turar, temaarbeid på avdelinga og litteratur)
- Setter av tid til rolleleik

Gode ferdigheiter innan eigenleiing gir:


- Samspelskompetanse og empati
- Kommunikasjonsferdigheiter
- Gode føresetnadnar for å lykkast i lese og skriveopplæringa
- Evne til å løyse konflikt (sjølvregulering)
- Fantasi og kreativitet

- Auka konsentrasjon
- Lærer eit rikt og variert språk
- Bearbeider vanskelege kjensler
- I leiken er "alt lov", og borna får høve til å trenere seg på det "verkelege liv"

Gjennom eigen leiing øver barnet seg på å utnytte den mentale kapasiteten sin:

- Planlegging (sette mål og lage effektiv plan/strategi for å nå målet)
- Organisering (halde orden på informasjon og aktivitetar)
- Arbeidshukommelse (tenke og hugse samtidig, driver oppgåver framover i logisk rekjkjefølge)
- Igangsetting (ta initiativ til sosialt samspel med andre barn, og kome igang med leik og aktivitetar)
- Fleksibilitet (evne til å takle overgangar, skifte merksemd og variere mellom ulike aktivitetar)
- Sjølvregulering (regulere og kontrollere eigne kjensler og handlingar)
- Sjølvmonitorering (bevisstheit om korleis eigne handlingar og oppførsel skaper reaksjonar hjå andre, og korleis andre si åferd påverkar ein sjølv)

Den nærmaste utviklingssonen, ein læringsteori av Vygotsky



Løvelova

Kan du løvelova?
Eg skal vere meg,
men gje plass til andre,
slik at dei blir seg,
bry meg om ein annan,
hjelpe når eg kan.
Slik blir livet betre
for barn i alle land

Ser du ein blir plaga?
Det er ikkje bra!
Alle må stå saman
om å sei i fra!
Alle barn på jorda
Har den same rett
til å vere trygge
og til å vere sett.



Progresjonsplan for innhaldet i «Være Saman».

Dette er metoden Myrsnipa brukar for å jobbe med omsorg, leik, danning og læring. *Jmf. Rammeplan for barnehagar*

| 1-2 år | 3-4 år | 5-6 år (Løveklubben) |
|---|---|--|
| <p>Vi brukar temabøkene som idebank til samlingsstunder for dei minste.</p> <p>Høyre på Løvelova og synge den ofte.</p> <p>Bli kjent med Regnbueløva, Ramona og dei andre dyra.</p> <p>Dei vaksne må ha eit bevisst forhold til relasjonsbygging og teori om tilknyting.</p> <p>Dei vaksne må gje positiv tilbakemelding når nokon gjer noko bra for andre.</p> <p>Ta med Regnbueløva på tur.</p> | <p>Fortelje «Regnbueløvens fantastiske brøl», vektlegge grunn historien og kjenslene, snakke om teikningane i boka og fargar.</p> <p>Bruke Regnbueløva som samtaleverktøy.</p> <p>Jobbe med Løvelova, og knytte den opp mot daglege situasjonar.</p> <p>Kjenne, og etter kvart lære songane i «Være Saman» (finst på Spotify)</p> <p>Bli kjent med borna i Løvebarnehagen.</p> <p>Øve oss på å gje positive tilbakemeldingar når nokon gjer noko bra, bry oss om og kunne uttrykke det.</p> <p>Ta med Regnbueløva på tur.</p> | <p>Vere kjent med Regnbueløva og bruke den i daglege situasjonar.</p> <p>Kunne Løvelova og kunne fortelje kvifor Løvelova er bra for alle. Bruke rollespel og leik.</p> <p>Bruke temabøker og Løva i samling og når det oppstår situasjonar – knytte det opp mot faktiske hendingar i barnegruppa.</p> <p>Gje positiv tilbakemelding uoppfordra når nokon gjer noko bra.</p> <p>Øve på å gje ros og ta imot ros; positiv perspektiv taking.</p> <p>Ta med Regnbueløva på tur.</p> <p>Markering når barnet sluttar i barnehagen</p> <p>Diplom med Løvelova.</p> <p>Skulane får utdelt Løvelova av førskuleborna</p> |

Løvelova i praksis

| Mål | Teikn på god praksis | Tiltak |
|---|---|--|
| Kan du Løvelova | Vi syng songen | Vi øver på songen, og lærer oss begge versa med alderen |
| Eg skal vere meg | Barn som oppleve eigenverdi Vi ser barnet Tar perspektiva til barn Er interessert i kva barn vil leike med/ interesser Robuste barn | Styrke barn sin oppleving av eigenverdi, sjølvkjensle og sjølvtillit Lærer om ulikheiter Tett foreldresamarbeid Fortel om kva vi likar å gjere/leike med |
| Men gi plass til andre- Slik at dei blir seg | Det er plass til alle. Alle er inkluderte i leiken. Vi lærer om kulturelle og religiøse ulikskapar, ulike legningar. | Lære oss å sjå den andre Vere interessert i den andre Ta med i leiken Lage plass Temaarbeid |
| Bry meg om ein annan | Empati og prososial åtferd Inkludering | Lære barn å snakke om kjensler Øve på prososial åtferd |
| Hjelpe når eg kan | Vaksne som hjelper vaksne Vaksne som hjelper barn Barn som hjelper barn Barn som hjelper vaksne | Lære og få lov å hjelpe til Å vere ein venn Ta med andre i leiken Lære om sosial ulikskap |
| Slik blir livet betre for barn i alle land | Tema om barn i andre land og fadderbarnet vårt | Temaarbeid Open dag med foreldre på besök Støtte fadderbarnet vårt |
| Ser du ein blir plaga? Det er ikkje bra Alle må stå saman Om å seie frå | Inkluderande veremåte Barn som tørr å seie frå og hjelpe Tilsette som hjelper med konfliktløysing | Tilsette som er til stades og passar på at alle er inkludert Leikande tilsette Bygge gode relasjoner |
| Alle barn på jorda Har den same rett Til å vere trygge Og til å verte sett | Barn gler seg til å kome i barnehagen Barn som har trygg tilknytning, opplev tryggleik og trivsel. Tilsette som ser og oppdagar | Autoritative tilsette FNs barnekonvensjon Snakke om framtidssdrømmer Tverrfagleg team Tilsette som kan si teieplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt |

FN`s Berekraftsmål og delmål for Myrsnipa barnehage

Mål1 Utrydde fattigdom

Delmål: legge til rette for deltaking i arbeidslivet
Kan søkje redusert betaling av barnehageplass

Mål 2 Utrydde svolt

Delmål sunt kosthald i barnehagen
borna er med å lage mat
matplan som sikrer variasjon

Mål 3 God helse

Delmål psykisk hele og livsmeistring
Styrke fysisk helse ved allsidig aktivitet ute

Mål 4 God utdanning

delmål gutter og jenter skal få like muligheter
trygge barn og føresette i overgang barnehage-skule
Støtte Fadderbarnet vårt

Mål 5 Likestilling mellom kjønna

Delmål Eigen kropp og grenser for seg sjølv

Mål 6 Reint vann og gode sanitærforhold

Delmål Tema om barn i andre land, og støtte Fadderbarnet vårt

Mål 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Delmål Ta imot vaksne som treng språkpraksis
ta imot elevar som ønsker Arbeidslivsfag i ungdomsskulen

Mål 10 Mindre ulikskap

Delmål Trygge barn som samhandlar med andre og som tek eigne val

Mål 12 Ansvarleg forbruk og produksjon

Delmål Sortering av søppelet vårt og levere til gjenvinning
Matplan som sikrar forsvarleg forbruk

Mål 13 Stoppe klimaendringane

Delmål vere ute i naturen i alle årstider
sjå moleighetene gjennom leik og måltid
lære å vise respekt og å ta vare på naturen

Mål 14 Livet i havet

Delmål bruke mat frå havet
bruke fjøra til turområde
lære å rydde opp etter seg – plast i havet?

Mål 15 Livet på land

Delmål artsmangfaldet vårt

Mål 16 Fred, rettferd og velfungerande samfunn

Delmål sikre medverknad for alle (barn, føresette, tilsette)
Lære om normer og reglar (rett og gale) i samfunnet

Årshjul

| Månad | Tema | Viktige datoar |
|-----------|---|--|
| August | Bli kjent | Nytt barnehageår 05.08 |
| September | Brannvern Nær miljø Klare sjølv | Besøk av brannbil 16.09 Foreldremøte 15.10.24 |
| Oktober | Haust Fargar Klare sjølv | Haustferie v 41 Planleggingsdag 18.10.24 |
| November | Barn i andre land Open dag Klare sjølv Juleførebuing | Open dag 14.11.24 Farsdag 10.11.24 |
| Desember | Juleførebuing Klare sjølv | Lucia 13.12.24 Nissefest 03.12.24 Planleggingsdag 23.12.24 |
| Januar | Tema frå litteraturen: Hakkebakkeskogen Klare sjølv Vinter | |
| Februar | Hakkebakkeskogen Klare sjølv Markering av 6.februar Vinter | Karneval 27.02.25 Morsdag 09.02.25 Vinterferie v 9 |
| Mars | Hakkebakkeskogen Karneval Klare sjølv | Planleggingsdag 14.03.25 |
| April | Vår Påske Russedåp Klare sjølv | Påskefrukost 11.04.25 28.04.25 |
| Mai | Rosaruss 17. Mai Førstehjelp med Henry Klare sjølv | Planleggingsdag 30.05.25 |
| Juni | Sommaravslutningar Jonsok Klare sjølv | |
| Juli | Sommar i barnehagen Klare sjølv | |

Mål for dei ulike tema/aktivitetar finn de på månadsplanen frå avdelingane.



Myrsnipa barnehage vart Livsgledebarnehage i 2019. Kari-Anne blir vår kontaktperson til Myrvåg omsorgssenter, og dei skal lage ein felles plan for arbeidet med å glede andre

Samarbeid med andre

Myrsnipa barnehage samarbeider tverrfagleg rundt barnet og barnegruppa. Samarbeider vi rundt eit spesifikt barn, må samtykke frå føresette alltid vere signert.

PPT møter på treff-tider i barnehagen, og der kan pedagogisk leiar få råd og hjelp i vurdering av ulike tiltak rundt barn og i barnegruppa.

Tverrfagleg team kallar styrar inn til 2 gongar i semesteret. I teamet sit ein helsejukepleiar, ein barnevernspedagog og ein spesialpedagog frå PPT. Mandatet til teamet er å jobbe førebyggande, og kunne sette inn tiltak tidleg.

Overgangar

Herøy kommune har plan for samarbeidet mellom barnehage og skule når det gjeld overgang til skule. Målet er trygge barn og føresette. Planen finn de på www.heroy.kommune.no

Rosaruss

Siste året i barnehage, høyrer borna til "Løveklubben". Ein dag i veka har dei aktivitetar som førebur til skulen, men litt teikne- og skrive- og matteførebuing.

Det siste året i barnehagen får dei delta på litt andre aktivitetar, som; bading på Badeland og spele minitrompet gjennom Kulturskulen. I april har vi Rosarussedåp med utdeling av russenamn, russehue, russegensar og russekort.

Like over nyttår blir alle føresette til førskuleborna invitert til foreldremøte der vi snakkar oss gjennom aktivitetane for våren.

Samarbeid med føresette

Foreldremøte på hausten er mest informasjon og diskusjon rundt årsplan. Barnehagelov og Rammeplanen set føringar for dette samarbeidet, og vi skal utøve dette samarbeidet ilag.

Val til foreldrerådstyret og SU blir gjort på første foreldremøtet. Årsplanen vår skal godkjennast i SU. Vigilo er det nye verktøyet for kommunikasjon mellom barnehage og heim. Her melder vi til kvarandre når det gjeld t.d. fråvær eller time for samtalar i barnehagen.

Foreldrerådsstyret for 2024-2025:

| | |
|------------|--------------------|
| Leiar: | Erling Johan Rovde |
| Nestleiar: | Ellinor Hungnes |
| Medlem: | Ida Marie Nordal |
| Medlem: | Eldar Aspevik |
| Medlem: | Malin Hareide |

Samarbeidsutvalet for 2024-2025

| | |
|---------------|------------------------|
| Herøy kommune | Maria Sporstøl |
| Herøy kommune | Gry Lillenes Kempton |
| Foreldre | Erling Johan Rovde |
| Foreldre | Ellinor Hungnes |
| Tilsette | Kari-Anne Nerlid Sunde |
| Tilsette | Laila Frøystad Tjervåg |

Tilsette i Myrsnipa barnehage

| Namn | Tittel | Avdeling | Mobil |
|--------------------------|------------------|---------------|--------------------------|
| Reidun Myrvågnes | Styrar | Styrar | 941 53 192 975 01 665 |
| | | | |
| Kari-Anne Nerlid Sunde | Pedagogisk leiar | Kvitveis | 907 50 912 |
| Henriette Lillebø Eitvet | Pedagogisk leiar | Kvitveis | |
| Sigrun Storøy Hauge | Assistent | Kvitveis | |
| Terese Opkvitne | Fagarbeidar | morspermisjon | |
| Sølvi Beate Sævik | Fagarbeidar | Kvitveis | |
| Veronica Gjerde Mork | Fagarbeidar | Kvitveis | |
| Buthayna Haj Ali | 2. års lærling | Kvitveis | |
| | | | |
| Marion Brekke Furmyr | Pedagogisk leiar | Røsslyng | 948 23 405 |
| Polina Gankina | Pedagogisk leiar | Røsslyng | |
| Aili Skum | Pedagogisk leiar | Røsslyng | |
| Laila Frøystad Tjervåg | Assistent | Røsslyng | |
| Birthe Hasfjord | Fagarbeidar | Røsslyng | |
| Rebekka Håbakk Lervik | Assistent | Røsslyng | |
| | | | |
| | | | |
| Monica Voldlund Bøe | Pedagogisk leiar | Blåklokka | 948 32 459 |
| Malin Harsvik Gundersen | Pedagogisk leiar | Blåklokka | |
| Svanhild Kleppestrand | Fagarbeidar | Blåklokka | |
| Randi Rødvik | Fagarbeidar | Blåklokka | |
| | | | |
| | | | |

Gode vikarar er:

Rebekka Håbakk Lervik
 Miloslawa Cesziel (Milka)
 Malin Storhaug
 Gøril Aurvåglid Ramstad
 Kaja Hauge

Livet & Sånn

Vi tek i bruk dette opplæringsmateriellet frå Ålesund kommune. De finn meir om det på livetogsann.no. Her finst mange ressursar for å styrke og fremme psykisk helse, skape trygt og godt miljø og forhindre mobbing.

Desse foilane såg vi på foreldremøte, der vi såg filmen om GOD BESKJED.

Så er det god kontinuitet med Livet & Sånn over i skulen også. Møre barne -og ungdomsskule og Stokksund skule brukar begge det same opplegget som Myrsnipa barnehage.

- Sjekk og juster eigen tilstand
- Sjekk og juster barnet sin tilstand
- Når tilstanden er god nok –
støtt barnet i å få til!
- Om noko vart feil, ta ansvar,
reparer relasjonen og lad opp batteria

| | |
|---|--|
| 1 | <ul style="list-style-type: none"> • Sjekk og juster eigen tilstand. • Ha tru på at du får barnet til å samarbeide! |
| 2 | <ul style="list-style-type: none"> • Oppnå kontakt med barnet. • Armlengd avstand og lik ansiktshøgde er fint. |
| 3 | <ul style="list-style-type: none"> • Sjekk og juster barnet sin tilstand. • Er der følelsar eg bør bekrefte før beskjed? • Treng barnet hjelp til å kome inn i toleranseinduet sitt? |
| 4 | <ul style="list-style-type: none"> • Gi beskjed med få, enkle ord, og mild vennleg stemme. • Beskjeden bør handle om kva barnet skal starte med, ikkje slutte med. • Legg til «...er du snill» til slutt. |
| 5 | <ul style="list-style-type: none"> • Følg opp! • Bli verande med barnet til barnet følger beskjeden. • (Tel inni deg til 10 og gjenta på same måte ved behov) |
| 6 | <ul style="list-style-type: none"> • Vis at du er fornøgd med barnet når barnet følger beskjeden! |

